

**R I  
K S** TEATRET

**DON QUIJOTE**  
**PEDAGOGISK OPPLEGG**



Laga av Anne Holtan

# INNLEIING

## DON QUIJOTE - EIN UDØDELIG KLASSIKAR

**Don Quijote vert rekna som eit meistarverk, og blir gjerne kalla den første verkelege romanen i litteraturhistoria. Verket er på 2000 sider og består av 2 deler skriva med fleire års mellomrom. Forfattaren Miguel de Cervantes Saavedra (1547–1616) publiserte første del i 1605 og andre del i 1615.**

Romanen handlar om den fattige landadelsmannen Alonso Quijano som vert besett av å lese riddarromanar. Han bestemmer seg for å verte riddar og tek namnet Don Quijote de la Mancha, riddaren av den bedrøvelige skikkelse. Don Quijote går inn i fiksjonen og gjer han til røynd. Den grenselause fantasien hans forvengjer måten han opplever verda på. Til væpnar og følgjesven vel han bonden Sancho Panza som er ven og nabo. Don Quijote lover å lønne han rikt til gjengjeld for lojalitet og vern. Så dreg han på seg en skraphaug av en gammal rustning og set seg på den gamle utslitte hesten Rocinante. I lag med Sancho Panza drar han ut på høgslottene i La Mancha for å slåst mot verdas vondskap og beskytte de svake.

Don Quijote er besett av riddarrolla og ser fiendar og fare overalt. Han innbillar seg at han slåss mot vonde kjempar når han i røynda slåst mot vindmøller. Ein flokk sauer vert en hær av soldatar han må nedkjempe. Han ser slott i staden for simple vertshus og prinsesser i naud i staden for tenestejenter. Ei av oppgåvene han pålegg seg, er å beskytte unge vakre jomfruer slik det vert skildra i riddarromanane han har lese. Han innbillar seg òg at han gjennom heltegjeringane skal vinne hjartet til den skjønne møya og prinsessa Dulchinea, som i røynda er ei fattig tenestejente. Mangelen på kontakt med røynda fører dei to følgjesvenene opp i farar og uheldige situasjonar som nesten tek livet av dei. Sancho Panza er ein jordnær bonde og prøver etter beste evne å realitetsorientere herren sin og verne han mot fantasiane. Etter mange prøvingar både for den omtåka riddaren og Sancho Panza - må don Quijote sjå røynda i auga og gi slepp på illusjonane.

Romanen er ein av dei mest leste og omtalte i verdslitteraturen og har vore tolka på ulikt vis gjennom tida. Han er full av absurd komikk og bitande samfunns satire, samstundes som forfattaren syner djup psykologisk innsikt gjennom skildringane av desse arketypiske karakterane. Don Quijote er ikkje berre ein omtåka fantast med stort overmote. Han vekkjer sympati hos lesaren fordi han òg er ein godhjarta idealist som alltid forsvare dei svake og kjempar for rettvis, sjølv om han mislykkast i prosjektet sitt med å redde verda. Han synleggjer behovet for omsorg i verden og viser lesaren at eit menneske skaper seg sjølv, ved måten det lever på. Romanen har vore ein referanse og inspirasjon for store forfattarar og kunstnarar som Dostojevskij, Flaubert, Salman Rushdie, Picasso og Wagner. Han er omsett til 50 språk og det er vorte lagd mange adaptasjonar av romanen til ballett, opera, film og teater.

Når regissør Yngve Sundvor har dramatisert Don Quijote har han stilt seg fritt til romanen med tanke på handling, tid og stad. I versjonen hans er Don Quijote ein skodespelar som skal spele Don Quijote i ei teaterframføring av romanen Don Quijote. Skodespelaren identifiserer seg så sterkt med rollefiguren at han trur han er Don Quijote. Han har «forlese» seg på rolla eller fiksjonen, i likskap med landadelsmannen Alonso Quijano som forles seg på riddarromanar. Han tek med seg ein medskodespelar som spel Sancho Panza, forlet teateret og drar ut for å redde verda. Han finn si elska Dulchinea på ein nattklubb, der ho arbeider som prostituert. Don Quijote innbillar seg at ho er ei prinsesse som vert halde i fangenskap av nattklubbeigaren og vil fri ho frå slaveriet. Sancho Panza prøver å bringe han tilbake til røynda, som i dette tilfellet er teateret og ein rasande regissør som ventar at skodespelarane skal innfinne seg på arbeid. De to skodespelarane rotar seg inn i ei kriminell verd og det ender med at den innbilte Don Quijote døyr av hjartesorg og at Sancho Panza vert arrestert. Historia om korleis de to skodespelarane satte det fiktive universet til Don Quijote i scene ute i røynda vert fortalt retrospektivt gjennom avhør av Sancho Panza på politistasjonen. Slik set Sundvor teateret i teateret i scene, og fiksjonslaga vert vove saman i ein absurd komedie.

Dette pedagogiske opplegget er særlig lagd for faga norsk og teaterfaga i vidaregåande skole. Det kan òg egne seg, og eventuelt tilpassast for elever i andre fag som skal sjå framføringa.

## HA DET HYGGELEG!

# OPPGÅVER SPESIELT EGNA FOR NORSKFAGA



## RELEVANTE KOMPETANSEMÅL FRA LÆREPLAN I NORSK:

Målet for opplæringen er at elevene skal kunne:

### VG1

1. Kombinere virkemidler og uttrykksformer kreativt i egen tekstskaping
2. Vurdere og bearbeide egne tekster ut fra tilbakemeldinger og faglige kriterier

### VG2

1. Lese og tolke tekster fra 1500 til 1850 i kulturhistorisk kontekst og drøfte hvordan de er relevante i dag
2. Bruke tilbakemeldinger og kunnskap om språk, tekst og sjanger til å utvikle egne tekster

### VG3

1. Skrive essay som utforsker og reflekterer over innhold i tekster
2. skrive litterære rolkninger og sammenligninger

# OPPGÅVE 1: RIDDAR FOR EIN DAG

- Individuelt arbeid og/eller arbeid i par.
- Oppgåvene egner seg både som forarbeid og etterarbeid til framsyninga.
- Elevane bør lese innleiinga med bakgrunnsstoff før dei går i gang med oppgåvene.

Don Quijote forlas seg på riddarromanar i ei slik grad at han ikkje evna å skilje mellom røynd og fantasi. Han tok på seg ein riddarrustning og drog ut med den gamle hesten sin for å vere riddar.

I denne oppgåva skal de bruke fantasien til å tenke dykk sjølve som moderne «riddarar» eller helter av i dag.

## Bakgrunnsstoff

- ["Don Quijote" av Knut Enger Sparre / Store Norske Leksikon.](#)  
[Sist oppdatert: 12. februar, 2021.](#)

(Don Quijote på nattklubben Paradiset)

HERTUGEN (nattklubbeier):

Jeg vil at dere skal være mine gjester. Angela, gi dem hvert sitt rom. Vi sees til middag iaften.

ANGELA (servitør/vertinne):

Er alle blitt sinnssyke? Denne mannen her har kledd seg ut som ridder og er åpenbart rablende gal, - hør, Don Juan eller hvem faen du tror du er, ta med deg dine tåpeligheter og pakk deg tilbake der du kom fra.

DON Q:

(dirrer av sinne som var han kvikksølvforgiftet)

Er det kanskje tåpeligheter, eller bortkastet tid, den tid man bruker på å flakke omkring i verden, uten å søke dens rikdom, men bare den motgang som kommer til den som ønsker godt for alle? Ridder er jeg, og som ridder vil jeg dø, om Gud vil det. Noen drar ut over ærgjerrighetens vide marker; andre på spyttlikkeriets vei, og atter andre på hykleriets brede sti. Men jeg, jeg har valgt det vandrende ridderskaps trange sti, og derfor forakter jeg rikdom, men ikke ære. Jeg har rettet opp krenkelser, jevnet ut skjevheter og straffet overmot. Mine hensikter styrer jeg alltid mot det gode, og det er å gjøre godt mot alle og ondt mot ingen. Fortell meg så, deres høyheter, om den som handler slik fortjener å bli kalt tåpelig.

**A: SKRIFTLIG OPPGÅVE**

1. Kva kjenneteiknar ein riddar? Skriv minst 5 setningar som skildrar ein riddar.
2. Finst det «riddarar» i dag? Skriv ein kort tekst der du reflekterer over om det finst yrke eller personar som du meiner er «riddarar/helter» i dag. Kva gjer dei til «riddarar/helter»?
3. Gje ei skildring av ein fiktiv heltekarakter (frå eit spel, ein roman, eller film/serier) som du er fascinert av.
4. Kva slag handlingar vil du omtale som særlig riddarlege/ helteaktige?

**B: PRAKTISK/MUNNLEG OPPGÅVE**

1. Utfør ei riddarleg handling i løpet av dagen og fortel korleis det gikk.
2. Arbeid i par: de skal lage portrettintervju av kvarandre i rolla som riddarar. Bruk mobiltelefon og ta opp intervjuet.

Spørsmål dere bør svare på:

- Kven er du?
- Korleis vart du riddar?
- Kva har du gjort som gjer at du fortener å bli omtala som riddar?

**C: SKRIFTLIG OPPGÅVE**

Skriv ei novelle med deg sjølv i rolla som moderne riddar/helt. Du kjempar mot det vonde og tek parti med dei svakaste mot urettferd. Fortel om ein dag i livet ditt der du utfører minst tre heltedådar.

**Anbefalt bruk av tid: min. 2 x 90 min**

Bakgrunnsstoff

- ["Hvorfor blir noen mennesker helter?" av Klikk.no. Publisert: 30. august 2015.](#)
- ["Helt på utsiden" av Kjetil Johansen / Aftenposten Innsikt. Publisert: 1. januar 2012.](#)
- Om riddarromanen frå bibliotekarenes nettleksikon av Helge Ridderstrøm - førsteamanuensis ved OsloMet, storbyuniversitetet:

*"Ridderroman : Spansk: "libro de caballerías" og "novela caballeresca", engelsk: "chivalric romance". Også kalt høvisk roman. Handler om riddere og deres høviske livsform og kultur, deres edle egenskaper og fantastiske eventyr, både i versromaner fra middelalderen og i romaner fra senere perioder. Ridderromanen er en roman som handler om en ridders æresbegrep, dyder og høyverdige moralske handlinger, samt ridderens (amorøse og/eller overnaturlige) eventyr. Ridderen er vanligvis et prakteksemplar med stort mot og trofasthet, og en forsvarer av de maktesløse han møter på sin vei. Romanen kan være basert på sagnstoff eller på historiske hendelser som feks. korstogene. De heroisk-galante tekstene gir ofte et idealisert bilde av hoffet, dets kvinner og høviske kultur. Mange kritiserte sjangeren. Romanene oppfylte ikke Horats' krav om at litteratur skal kombinere underholdning og belæring. Og fordi verkene var så utbredt uten å gi sunn lærdom, fikk de mye negativ kritikk (Strosetzki 1996 s. 90). Den spanske forfatteren Miguel de Cervantes parodierer ridderromaner i sin roman Don Quijote (1605 og 1615; 2 bind). Don Quijote har forlest seg på blant annet ridderromanen Amadís fra Gaula (1508), kanskje skrevet av spanjolen Garcí Ordóñez de Montalvo (som i forordet til romanen hevder at han har bearbeidet de tre første delene av verket og skrevet den fjerde delen)."*

# OPPGÅVE 2: RIDDERROMANAR I NORRØN LITTERATUR

- Oppgåvene eignar seg både som forarbeid og etterarbeid til framsyninga.
- Elevane bør lese innleiinga med bakgrunnsstoff før dei går i gang med på oppgåvene.

Kong Håkon Håkonsson var konge av Noreg i perioden 1217–1263. Han var inspirert av europeisk litteratur og særlig riddarromanar. Han fekk munken Broder Robert til å omsetje Thomas d'Angleterre sitt epos bygd på saga om Tristan og Isolde til norrønt.

Den norrøne versjonen Soga om Tristram og Isold vart særst populær og vart lese høgt ved hoffet og ute blant folket. Soga finst i ulike versjonar på ulike språk men hovudintrigen ligg i den tragiske kjærleikshistoria mellom Tristan og Isolde.

Stoffet var opphavleg irsk. Kongesonen Tristan vert av morbroren, kong Marke av Cornwall, sendt til Irland for å fri til prinsesse Isolde på vegne av kongen. Ved eit mistak drikk Tristan og Isolde ein kjærleiksdrikk som mor hennar har brygga til Marke og Isolde, og dei vert lidenskapelig forelska i kvarandre. Marke giftar seg med Isolde, men ho er utro mot han med Tristan. Forholdet vert avslørt, og Tristan vert jaga bort. Seinare giftar han seg med ei anna Isolde, «Isolde med dei kvite hendene». Men lengten etter den rette Isolde driv han attende til Marke sitt hoff, der han vert helten i ei rekkje riddarlege eventyr.

Seinare vender han attende til kona si og vert dødelig såret av ein giftpil. Berre den rette Isolde kan redde han. Han sender bod etter ho og gir skipsfolka ordre til å heise svarte segl om dei ikkje får ho med. Isolde vert med, og da skipet nærmar seg kysten, spør Tristan kona om det fører kvite eller svarte segl. I hat og sjalusi svarer ho at dei er svarte, og Tristan vender andletet mot veggen og døyr. Isolde sitt hjarte bristar ved båra hans.

Bakgrunnsstoff

- ["Tristan og Isolde" av Store Norske Leksikon. Sist oppdatert: 03. mai 2019](#)
- ["Tristan og Isolde" av Wikipedia.](#)

## A: DRAMATISERING AV TRISTAN OG ISOLDE

- Gruppearbeid med 4- 5 elever i gruppa
- Gå saman og lag eit storyboard av historia om Tristan og Isolde.

Bruk legenda om Tristan og Isolde som ramme, men prøv å setje historia inn i nåtida og bruk deira eigen røynd.

Fordel rollene og lag ein kortfilm bygd på storyboardet de har laga. Bruk mobiltelefonar til opptak. De skal spele ut intrigen og improvisere replikkane. Etter at de har redigert filmen skal de syne han fram for klassen i samband med oppgåve B.

- ["Slik laga du et storyboard" av NDLA](#)
- Forslag på roller: skuespillere, filmfotograf og regissør

## B: LAG EIN PRESENTASJON

Finn ut det de kan om riddarsagaer i norsk og nordisk mellomalderlitteratur, og lag ein presentasjon av sjangeren og sjangeren sitt opphav med døme frå litteraturen. .

Spørsmål de bør reflektere over:

- Kva særmerker riddarromanar?
- Korleis vart denne litteraturen gjort kjent for folk?
- Kva slag tekstar og litterære tradisjonar refererer den nordiske helteediktinga til?
- Finst det litteratur og andre kunstuttrykk i dag som kan samanliknast med og som referer til mellomalderen sin riddardikting?

Framfør presentasjonen i klassen. Bruk digitale hjelpemiddel (t.d. PowerPoint, Prezi eller ei digital forteljing i videoformat). Syn fram filmen de har laga, som ein del av presentasjonen til slutt.

Bakgrunnsstoff

- ["Riddersagaen en lærebok for kongens hird" av Mari Kildahl / Universitetet i Oslo](#)  
Publisert: 02. mars 2011.
- ["Riddersagaene - middelalderens kiosklitteratur" av Hans Jacob Orning / Universitet i Oslo](#)  
Publisert: 25. november 2015

# OPPGÅVE 3: «Å SLÅST MOT VIND- MØLLER»

- Oppgåvene eignar seg både som forarbeid og etterarbeid til framsyninga.
- Elevane bør lese innleiinga med bakgrunnsstoff før dei går i gang med oppgåvene.

Uttrykket «Å slåst mot vindmøller» kjem opphavleg frå romanen Don Quijote og scena i boken der han får det for seg at vindmøller er vonde kjempar han må overvinne:

*«vel dækket av sit skjold og med fældet lanse, sprængte han Rocinantes fyrigste galop mot den nærmeste mølle; men i det samme han gav den et lansestød i vingen, begyndte vinden at drive den saa forskrækkelig at den splintret lansen og trak med sig baade hest og rytter, som ilde tilredt blev slængt bortover marken.»* **Frå 1916-omsetjinga av Don Quijote s. 66**

Såpleis går ein altså til åtak på innbilte motstandarar , med katastrofalt resultat. I ettertid har uttrykket vorte brukt som ein metafor med mange tydingar. Eit slitt uttrykk som nærmar seg ein klisjé.

["Kjempe mot vindmøller" av Klisjeer.no. Publisert: 26. april 2016](#)

«Å slåst mot vindmøller» har vorte ein ståande metafor for det å kjempe mot innbilte motstandarar, ein håplaus kamp mot eigne vrengebilete. Uttrykket passar òg fint om konspirasjonsteoretikarar som ser samanheng der dei ikkje finst og trur på løynde nettverk som skal ta over makta og verdsherredømmet.

I Norge har det dei siste åra vore debatt kring utbygging av vindmølleparkar i sårbar natur. Uttrykket «Å slåst mot vindmøller» har i denne samanhengen ei helt konkret tyding.

**A: LAG EIN PODKAST**

Gruppeoppgåve for grupper med 5 elevar. Elevane skal sette seg inn i debatten rundt utbygging av vindmølleparkar i Noreg.

Bakgrunnsstoff

Debatt: "Å slåss mot vindmøller" av Nationen.  
Sist oppdatert: 21. november 2019

Ytring: "Å slåss mot vindmøller" av Øystein Sandgren.  
Publisert: 24. oktober 2006.

Debatt: "Vindmøller, Don Quijote og andre eventyr" av Atle Hagli / Stavanger Aftenblad. Publisert: 09. oktober 2019

Elevane skriv stikkord til følgjande spørsmål:

- Kva er kjernen i saka?
- Kvifor er debatten så polarisert og kjenslestyrt?
- Kva verdiar og interesser står i motsetnad til einannan?

Deretter skal gruppene lage ein podcast. Innhaldet skal vere ein fiktiv debatt i «studio» om kampen mot utbygging av vindmølleparkar i Noreg. Ein av elevane leier debatten og har ein generell intro om kjernen i debatten før hen presenterer debattpanelet, som er sett saman av to lag med motsette synspunkt på utbygginga.

Podcasten skal vere om lag 10- 15 min lang, helst med kreativ bruk av verkemiddel som musikk og andre innslag (t.d. opplesing frå chatteloggar og kommentarar som har florerert i ulike fora der utbygginga har vore debattert). Podcastane kan vere ei innlevering og dei kan spillast av i klassen slik at gruppearbeidet vert delt med andre.

**B: SKRIV EIN ARTIKKEL**

Individuelt arbeid. Elevane skal skrive ein artikkel/kronikk om å kjempe mot usynlege og innbilte fiendar med utgangspunkt i konspirasjonsteoriar.

I artikkelen skal de reflektere rundt følgjande spørsmål:

- Kvifor oppstår konspirasjonsteoriar?
- Kven er konspirasjonsteoretikarane?
- Korleis påverkar dei oss?
- Er konspirasjonsteoriar ein trussel for demokratiet?

**Anbefalt bruk av tid: min. 2 x 90 min.**

# OPPGÅVER SPESIELT EGNA FOR TEATERFAGA VED MDD



# RELEVANTE KOMPETANSEMÅL ETTER LÆREPLAN I TEATER- PRODUKSJON FORDYPNING 1 OG 2:

**Målet for opplæringen er at elevene skal kunne:**

## Teaterproduksjon fordypning 1

- Utarbeide og realisere sceniske konsepter og uttrykk ved å bruke ulike teaterfaglige metoder
- Bruke ulike former for teksttilnærming, dramaturgiske innganger og modeller i arbeid med iscenesettelse
- Eksperimentere med sceniske virkemidler og integrere tekniske, scenografiske og audiovisuelle løsninger
- Lede skapende arbeid, ta valg og reflektere over hvordan valgene virker inn på arbeidsprosessene i gruppa, produksjonen og publikum i det endelige uttrykket
- Drøfte og prøve ut hvordan teater som yringsform kan bidra til å belyse samfunnsutfordringer og bidra til bærekraftig utvikling

## Teaterproduksjon fordypning 2

- Planlegge, gjennomføre og reflektere over kunstneriske valg i kollektive skapende teaterprosesser
- Bearbeide og analysere sceniske tekster og visuelle forløp
- Prøve ut dramaturgiske verktøy og innganger i arbeid med iscenesettelse
- Lede skapende prosesser, ta kunstneriske og arbeidsetiske valg og reflektere over hvordan disse valgene virker inn på arbeidsprosessene i gruppa, produksjonen og publikum i det endelige uttrykket
- Utvikle regikonsept innenfor ulike sjangre ved å utforske og eksperimentere med form, innhold og spillestiler
- Utforske samfunnsutfordringer gjennom sceniske uttrykk og teatrale yringer

# OPPGÅVE 1: FANTASY VS. REALISME

- Oppgåvene eignar seg både som forarbeid og etterarbeid til framsyninga.
- Elevane bør lese innleiinga med bakgrunnsstoff før dei går i gang med oppgåvene.
- Arbeid i grupper med 4- 5 elevar

Lag eit storyboard for ein moderne fantasy-film i realistiske, kvardagslege omgivnader basert på intrigen i Don Quijote.

["Slik lager du et storyboard" av NDLA](#)

- Gruppene vel om dei vil lage ein kortfilm eller om dei vil framføre ei dramatisering live på scena. Gruppene som vel å lage ein sceneversjon skal òg lage eit storyboard der kvart bilete skildrar en situasjon.
- De skal prøve å oppnå ein psykologisk realistisk spillestil sjølv om det skjer overnaturlige og usannsynlege ting, som i ei [magisk realistisk forteljing](#).
- De skal improvisere fram replikkane.
- Gruppene skal vere medvetne om form og uttrykk og velje om dei vil bruke ein klassisk dramatisk, episk eller simultan dramaturgi.
- Arbeida skal synast fram i klassen

**Tilrådd bruk av tid: min. 4 timer**



# OPPGÅVE 2: METAFIKSJON

- Oppgåvene eignar seg både som forarbeid og etterarbeid til framsyninga.
- Elevane bør lese innleiinga med bakgrunnsstoff før dei går i gang med oppgåvene.

## Kort om metafiksjonell dramaturgi

Teatervitaren Janek Szatkowski er professor ved Universitetet i Aarhus og har lenge forska på dramaturgi og ulike perspektiv på dramaturgi.

I 1992 skreiv han boka «Et dramaturgisk vende. Perspektiv for teatervidenskapen. Dramaturgiske modeller og forestillingsanalyse» der han foreslår ulike modellar for ulike dramaturgiske strategiar og kva som særmerker disse. I det postmoderne perspektivet lanserer han den metafiksjonelle modellen.

## Utdrag

«Vi befinner os i en ironisk leg med 'spillet' som virkelighedens grundvilkår» (Szatkowski, 1993, s.122).

«Det bliver fortalt en historie, historien er også en historie om at 'fortælle sin verden', og den viser hen til skrøbeligheden i vore daglige forståelsesmåder» (Szatkowski, 1993, s.129-130).

I romanen Don Quijote nytter forfatteren Cervantes metafiksjonelle forteljargrep. Han leiker med fiksjonslag der den eigentlege hovudpersonen er den fattige landadelsmannen Alonso Quijano som vert besett av å lese riddarromanar. Han klarer ikkje lenger å skilje mellom den ideelle fantasiverden i bøkene og røynda. Han skaper seg ein rollefigur eller eit alter ego som Don Quijote som liknar helten i riddarromanen. Romanen er ein satire som ironiserer over riddarromanen sine idealiserte heltar og vert såleis sjølvrefererande i framstillinga av den mislykka og sørgmodige helten Don Quijote.

Yngve Sundvors Don Quijote er ein skodespelar som har fått rolla som Don Quijote i ei oppsetjing av romanen på teateret. På same vis som romanen sin hovudperson lever han seg så mykje inn i rolla at han vert Don Quijote og trur at fiksjonen er den verkelege verda og teatret er ein vond konspirasjon.

Prolog i Yngve Sundvors dramatisering av Don Quijote:

SANCHO:

(sitter med en stor tykk bok og et glas vin)

Det var engang en mann som hadde forlest seg på Don Q. Denne mannen var min venn. Min kollega, og nå finnes han ikke mer. Vi hadde begge arbeidet atskillige år som skuespillere. Jeg hadde, for å si det mildt, mistet gnisten. Alle mine roller var middels store, eller i sannhetens navn; de var ynkelige, små og ubetydelige, og jeg var fornøyd med det. Mindre arbeid, mer tid til å kose seg med et glas for mye.

(drikker)

Hvorom alle ting er; min kollega fikk en dag tilbud om å spille selveste Don Q. For en lykke, tenker du nok, å få spille den mest berømte skikkelsen i litteraturhistorien. Ja, for du kjenner Don Q av Cervantes? Nei? Ikke lest den? Nesten ingen har det, og jeg bebreider deg ikke - to tusen sider om en mann som hadde forlest seg på ridderromaner i en sånn grad at han trodde han var en selv.

Don Quijote måtte, som alle riddere, ha en væpner, en mann som kunne være til hjelp i strid. Han overtalte da sin nabo, den noe enfoldige Sancho Panza, til å bli hans væpner. Og sammen la de ut på eventyr. Jeg ble, ulykkeligvis, utpekt til å spille Sancho Panza. For at du skal forstå hva som hendte med oss tror jeg at jeg vil starte litt ut i historien. Du skjønner, alt dreier seg nemlig om det at min kollega, som nå er død, levde seg for mye inn i rollen som Don Quijote. Han mente til slutt at regissøren var en trollmann som ville ham ondt og han rømte derfor fra teatret og ut i den virkelige verden. Jeg hang på for å få ham tilbake, men det ene tok det andre og vipps var vi viklet inn i en suppe det var vanskelig å komme ut av. Lang historie kort; jeg ble til slutt hanket inn av politiet.

(Etterforskeren kommer til syne)

I dagevis ble jeg grillet av etterforsker Hanne Henriksen.

## A: TEORI

- Del inn klassen i grupper med 4 elevar.
- Gruppene skal sette seg inn i fagstoff om dramaturgi og ulike dramaturgiske modellar og strategiar.

Gruppene skal lage ein presentasjon for klassen om dramaturgi og ulike dramaturgiske modellar og prøve å finne døme på stykke eller framsyningar som nyttar ulike dramaturgiske strategiar. Her kan gruppene ta i bruk klipp frå framsyningar eller filmar som døme.

Presentasjonen skal ikkje vere lenger enn 15 min.

## B: PRAKTISK ARBEID

Kvar gruppe skal skrive ut og sette i scene ein kjærleiksscene mellom helten Don Quijote og Dulchinea, som han elsker.

Don Quijote er i røynda ein rollefigur som skodespelaren har identifisert seg så sterkt med at han trur han er Don Quijote. Han innbillar seg at han skal redde den skjønne jomfrua Dulchinea frå fangenskapet hos den vonde hertugen. I røynda er Dulchinea ei eskortejente som arbeider for eit firma. Venen Sancho Panza prøver å realitetsorientere skodespelaren og redde han ut av ein pinleg situasjon. Klarer Don Quijote å vinne hjartet hennar?

I arbeidet skal gruppene prøve å nytte strategiar og verkemiddel som er typiske for den metafiksjonelle dramaturgiske modellen. Gruppene syner fram arbeida for kvarandre i klassen.

**Tilrådd bruk av tid: om lag 8 timer**

# OPPGÅVE 3: ETTER FRAMSYNINGA

- Arbeid i par

Lag ein podcast på 10 minutt der de er 2 kritikarar som diskuterer Riksteatret si framsyning Don Quijote.

Lag ein disposisjon i forkant der de skriv ned kven som skal snakke om kva. Ein av dykk bør lede samtalen, men båe snakkar om framsyninga. Trass i at de skal prøve å vere analytiske og snakke teaterfaglig om konkrete element i framsyninga, bør samtalen først og fremst reflektere dykkar personlege oppleving av ho. Bruk gjerne musikk frå framsyninga og andre verkemiddel som gjer podcasten lyttarvennleg.

### Ulike moment som bør/kan vere med i samtalen:

Om framsyninga:

- Til å byrje med bør de presentere stykket/framsyninga: Bruk programmet og teateret sin nettstad: [www.riksteateret.no](http://www.riksteateret.no)
- Namnet på stykket og dramatkar, regissør, skodespelarar, scenograf evt. koreograf
- Kort om sjanger og handling

Spelestil og skodespelarprestasjonar:

- Ekspressivitet: stemmebruk, fysisk uttrykk, emosjonell temperatur
- Samspel: kontakten mellom skodespelarane
- Rolletolkning
- Konsentrasjon og scenisk nærvær/utstråling

Regi:

- Miljøskildring: tid og miljø
- Yngve Sundvor si dramatisering av romanen Don Quijote: t.d.: språket og dialogar
- Kva ønsker regissøren å formidle: budskap/tema?
- Særlege regigrep

- Kva slags stemning ligg i framsyninga?
- Rytme og tempo

Scenografi og bruk av verkemiddel

- Bruk av video
- Lys
- Lyd/musikk
- Kostymer
- Farger
- Interiør og rekvisita

Bakgrunnsstoff:

- Inspirasjon: ["Hvordan skrive teaterkritikk?" av Knut Ove Arntzen - Professor i teatervitenskap ved Universitetet i Bergen. Publisert av Scenefolk.no](#)
- Eksempel på teaterkritikk: ["Livsleden som kompass" av Anette Therese Pettersen / Scenekunst.no. Publisert: 10. august 2021.](#)
- Podcast: ["Syvende utgave av Scenesamtaler" av Scenekunst.no](#)

Ønsker dere å sende podcasten til Riksteatret? Vi ønsker veldig gjerne å høre. E-post: [skole@riksteatret.no](mailto:skole@riksteatret.no)

**Anbefalt bruk av tid: 90 min**

## VI TILBYR SPESIALPRIS TIL SKOLEKLASSER OG FRIBILLETTER VIA VÅRT BILLETTFOND

Ønsker du å kjøpe billetter til din klasse? Ta kontakt med ditt lokale kulturhus. Skoleklasseprisen er 110,- + avgift per elev - inkludert lærere som følger med klassen.

Ønsker dere å søke via Riksteatrets billettfond?

**SØKNADSSKJEMA - KLIKK HER**

Vær oppmerksom på at det er begrenset med billetter.

## BESØK I KLASSEROMMET

Ønsker du et digitalt møte med forestillingens skuespillere? Gjerne ta kontakt!

## SPØRSMÅL?

Ta kontakt med Riksteatret v/ Julie Vold Bjørkamo  
jv@riksteatret.no / 45 63 22 64

Eller les mer på [Riksteatrets skolesider](#).